



Årsmelding for 2007

Berberis darwinii frå Chile
er ein fin fargeklatt mellom
buskar og tre.



Stiftelsane Rogaland Arboret og Bjørn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret

Årsmelding for 2007

STYRET

Etter Representantskapsmøtet 02.05.2007 har samansetningen vore slik:

Ragnvald Albretsen, formann	på val 2009*)	Vararepresentantar:	på val
Ivar Sørensen, nestformann	2010	Reidunn Oline Skadsem (1)	2010
Aase Lærdal	2009	Nina-Elisabeth Molven (2)	2010
Martha Lea	2010	Eli Berg (3)	2010
Gro Persson	2010		
Olav Folkvord	2010		
Ole Harald Myklebust	2010		
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar		

*) Formannen er på val kvart år

Faglig Utvalg

Per Harald Salvesen	01.07.2010
Ole Lima	01.07.2010
Inge Christ	01.07.2009
Finn Ervik	Fast medlem som vitenskapeleg medarbeidar
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar

ANDRE STYRINGS- OG ARBEIDSORGAN

Representantskapet

20 medlemmar med personlege varamedlemmar.

Ordfører i Representantskapet	Steinar Borgen, årleg ordførarval
Rekneskapskontor	Teamregnskap AS
Revisor	PricewaterhouseCoopers DA
Valgkomité - årleg val	Mindor Jelsa, leiar
	Kjerstin Ropeid
	Arne Øvstebø

Arbeidsgrupper

- **Budsjettgruppa:** Ragnvald Albretsen, Ivar Sørensen og John Ivar Lima
Arbeidsgruppa for undervisingsopplegget: Aktiviteten har lege nede i meldingsåret, men det er lagt opp til ei vidareføring av dette arbeidet i 2008.

Møter

Representantskapet	1 ordinært møte
Styret	5 ordinære møter
Faglig Utvalg	3 ordinære møter

Representantskapsmøtet 02.05.2007

19 av 20 representantar møtte, og møtet var dermed vedtaksført. Frå Styret møtte Ragnvald Albretsen, Kari Thomsen, Aase Lærdal, Ivar Sørensen og Olav Folkvord. Frå staben møtte driftsleiar John Ivar Lima som medhjelpar i møtesekretariatet. Møtet blei leia av ordførar i Representantskapet, Steinar Borgen.

Konstituering

Som referent blei vald John Ivar Lima. Inger Tjåland og Mangor Malmin blei valde som medunderskrivarar av protokollen.

Årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding blei samrøystes godkjende utan merknader.

Val

Alle val var i samsvar med valkomitéen sitt forslag.

Styremedlemmar. Ragnvald Albretsen, Ivar Sørensen og Olav Folkvord blei attvalde ved akklamasjon. Som nye medlemmar blei valde Martha Lea, Gro Persson og Ole Harald Myklebust.

Varamedlem. Som nye varamedlemmar blei valde Reidunn Oline Skadsem, Nina-Elisabeth Molven og Eli Berg.

Formann. Ragnvald Albretsen blei attvald ved akklamasjon.

Revisor. PricewaterhouseCoopers DA blei samrøystes attvald.

Ordførar i Representantskapet. Steinar Borgen blei attvald ved akklamasjon.

Valkomit  – 1  r

Inger Jo Haaland hadde sagt fr  seg attval, og Kjerstin Ropeid blei samrøystes vald som nytt medlem ved akklamasjon. Mindor Jelsa og Arne  vsteb  blei attvalde ved akklamasjon. Mindor Jelsa blei vald til **leiar i valkomit en**.

Vedtektsendring for Arboretfondet

Styremedlem Ivar Sørensen orienterte om Styret sitt forslag til namneskifte for Arboretfondet med tilh yrande endringar av vedtektene. Det blei samtykt i Styret sine forslag til vedtak utan merknader.

Det nye namnet p  Arboretfondet blir Bj rn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret.

Budsjett og arbeidsplan for 2008 blei lagd fram til orientering.

Eventuelt

Enkeltp rsm l fr  representantane blei svart p  etter kvart i m tet.

Styreformannen takka Kari Thomsen og Audun Skartveit for deira innsats og engasjement som medlemmar i Styret.

M tet blei avrunda med eit enkelt m ltid.

Nytt representantskap

Valet av medlemmar og varamedlemmar til representantskapet f lgjer kommunevalperiodane, dvs. perioden 2007 – 2011.

Oversikt over medlemmar og varamedlemmar p  side 36.

Av desse er 9 nye medlemmar og 11 nye varamedlemmar.

Styret vil takke alle representantane for interesse og engasjement og h per at dei nye medlemmane vil bidra som gode ambassad rar for Arboretet.

ARBORETPRISEN

Arboretprisen blir delt ut til personar, institusjonar og bedrifter som i særleg grad har gjort Arboretet tenestar. Prisen får sitt synlege uttrykk i ein liten bronsemmodell av inngangsportalen.

I 2007 blei ei forgylt spesialutgåve av prisen tildelt Bjørn A. Stangebye.

Bjørn A. Stangebye vil i all etertid bli hugsa som Arboretet sin far og grunnleggjar. Gjennom alle år som initiativtakar, gründer og styreformann (frå 1972 – 1995) har han lagt ned eit arbeid av store og vidtrekkjande dimensjonar. Å vere i stand til å få realisert så mykje på så kort tid, med så lite midler, trur vi manglar sidestykke i moderne arborethistorie. Ein slik innsats og gjennomføring har blitt lagt merke til, også utover våre landegrensar. Det er eit stykke pionérarbeid av internasjonalt format.

Heilt fram til i dag har hans vedvarande sterke interesse for Arboretet sitt ve og vel gjeve seg utslag i verdfulle gåver og økonomisk støtte til realisering av ulike prosjekt. I tillegg har han i årevis gjeve sine gode bidrag til bygging av fondet. Det var også Stangebye som i si tid initierte idéen om Arboretprisen, og Styret fann det naturleg å markere hans spesielle posisjon og innsats ved å overrekke han ei forgylt spesialutgåve av prisen.

Alle er vi stolte over å få vere med å bygge vidare på eit foretak som har ei så unik historie, og som appellerar til så mange menneske både i og utanfor vår region.

Følgjande har til no motteke prisen:

1990	Sandnes Sparebank	1995	Alf Hansen
"	Johan Eik	1997	Esso Norge
"	Sjur Svaboe	"	Kverneland Underhaug
1991	Torstein Braut	"	Stavanger tekniske fagskole
"	Arne F. Bryne	1998	SpareBank 1 SR-Bank
"	Ingebret Folkvord	1999	Sven Åsland
"	Tormod Hagen	"	Lions Club Sandnes Ganddal
"	Alf Klingsheim	"	Lions Club Gjesdal
"	Torleiv Todnem	"	Lions Club Sandnes Høyland
"	David Vatne	"	Lions Club Sandnes Riska
1992	Einar Bjørn-Hansen	"	Lions Club Sandnes
"	Jon Gjedebo	2000	Osmund Nygaard Hove
"	Jonas Nygaard	2001	Leif Refsnes
"	Anton Thomsen	2003	Egil Skadberg
1993	Lyse Kraft	2005	Statskog
1994	Conoco Norway	2006	Sigurd Aarsland
"	J.J. og Lars Øglænds fond	"	Sven Halsne
1995	Einar Søndeland	2007	Bjørn A. Stangebye (forgylt spesialutgåve)

TILSETTE

John Ivar Lima, driftsleiar. Tilsett 09.02.1987.

Anne Lise Tyssebotn Gjesdal, kontormedarbeidar, 40 % stilling. Tilsett 01.04.1988.

Olaug Marie Høie, kontormedarbeidar, endra frå 80 % til 100 % stilling f.o.m. 10.09. Tilsett 26.03.2001.

Endre Hodnefjell, hjelpearbeidar, 58 % stilling. Tilsett 21.10.1985.

Jøran Oseland, teknisk ansvarleg. Tilsett 01.04.1992.

Geir Kyllingstad, fagarbeidar. Tilsett 01.06.1994. Slutta for å gå over i ein annan jobb 01.10.

Anne Lise T. Gjesdal har vore sjukmeldt f.o.m. 7.april dette året.

I tillegg til denne arbeidsstokken disponerar vi 40 % av ein forskarstilling hjå Bioforsk Vest Særheim. Frå 01.09.2004 har Finn Ervik hatt stillinga som vitenskapeleg medarbeidar.

1. februar gjennomgjekk dei tilsette eit nyttig og interessant dagskurs i førstehjelp.

EKSTRAHJELP

Maria Bjelland, vaskehjelp, slutta i august.

Mariann Byrkjedal, vaskehjelp, slutta i januar.

Irene Birkeland, student, ny vaskehjelp frå juni.

Anna Byberg Ravndal, student, ny vaskehjelp frå august.

Sergei Sidorov, student frå Estland, sommarhjelp i 14 veker og 1 dag.

Sigmund Oseland, student, sommarhjelp i 5 veker.

Ole Kyllingstad, skuleelev, sommarhjelp i 1 veke og 2 dagar.

DUGNAD

Sigurd Aarsland har endå ein sesong bidrege betydeleg med å hjelpe til med ulike arbeidsoppgåver. På våren stod han for overflatebehandlinga (grunning og beising) av totalt 34 store utebord. Dette er ei kritisk tid på året, då mange ulike arbeidsoppgåver helst skulle vore gjort meir og mindre samstundes. I ein slik periode er denne form for dugnadshjelp til ekstra stor nytte og praktisk verdi. Seinare utover sesongen hjalp han oss både med rydding av lauvkratt, tjørebreieing av Grindabygget, reparasjon av stiar og vegar og opparbeiding av nye flisstiær. Manglande drenering og profil har i fleire år ført til stor slitasje og problem med hovudstien på nedsida av Fossedammen. Reparasjons- og dreneringsarbeidet som han utførte her, gjorde sitt til at den framstod som ein kvalitetssti.

I løpet av dette året har han virka 255 timar på dugnad i Arboretet, fordelt på 35 dagar, i perioden frå februar til oktober.

Lærarar frå **Gand vidaregåande skole** har også dette året hjulpet oss med fleire ulike arbeidsoppgåver. Lærar Helge Mattingsdal, har saman med kollega Lene Honoré, hatt ansvaret for denne ordninga med arbeidstrening for ei mindre gruppe elevar. Dei er godt kjende i området her, og greier seg sjølv i det meste. Slik arbeidshjelp er nyttig for oss, samstundes som dette er bra praktisk øving for dei involverte elevane. Det er alltid hyggeleg når eit samarbeid på denne måten er til gjensidig nytte. Dei hjelper til med framdraing av greiner, utlegging av grus på vegane, steinhenting, utlegging av flis på stiane, kapping og utkøyring av ved og klargjering av smååpene som vi brukar til vern mot rådyr.

Sandnes Rotary Klubb deltok på dugnad 8.mai. Dei hjalp oss med å dra fram greiner og kvistar i området aust for Blåbærstien.

I fleire år har vi hatt glede av god dugnadshjelp under juletrasalet av 2 blide og dyktige selgjarar, Marit Albretsen og Jørgen Tengs-Pedersen.

Vi vil også peike på den betydelege innsats som blir utført av **Lions-klubbane** som vi samarbeidar med. Heilt sidan 1990 har Arboretet nytt godt av mykje velvilje og frivillig innsats som har generert viktige inntekter til Arboretet gjennom så mange år. Vi vil samstundes takke **Jan Magnus Monsen** for det gode samarbeidet gjennom alle desse åra. Som leiar og administrator har han spelt ei nøkkelrolle i arbeidet med å sørge for at Kafeteriadrifta har fungert så bra.

ARBORETVENNANE - AKTIVE VENNAR

Det har i mange år vore eit sterkt ynskje frå Styret si side å forsøke å dra igang ei gruppe med interesserte Arboretvennar som kan tenkje seg å involvere seg aktivt på ulike måtar til støtte for Rogaland Arboret.

Eli Margrete S. Stølsvik har i mange år vore ein ivrig og bevisst brukar av Arboretet, og ein god ambassadør. Ho har lenge brunne for å gjere Arboretet meir kjent, og er ei varm talskvinne for å utvikle institusjonen til å bli ein „kunnskapsbase“ innan dendrologien i vår region. På oppdrag frå Styret gjekk Eli Margrete igang med å invitere alle **Arboretvennane og andre interesserte** til eit idé- og oppstartsmøte. Målet var å få etablert ei gruppe av **aktive vennar for langsiktig støtte og hjelp til utvikling av Rogaland Arboret.**

Det første informasjonsmøtet gjekk av stabelen 25.oktober, og oppmøtet var etter måten ganske bra. Med ei fin og godt førebudd introduksjon og orientering, blei denne kvelden avslutta med at det blei etablert 3 arbeidsgrupper, med sine klart definerte oppgåver. Her blei

det sett fokus på utadretta arbeid med promotering av Arboretet, søking etter støtte frå næringslivet, etablering av ulike aktivitetar i Arboretet og inspirering til dugnadsinnsats. I etterkant av dette blei det avhalde 3 møter der mykje kreativ energi, idéarbeid og inspirasjon blei utveksla. I takt med oppmøte og strategi kom arbeidet raskt igang med ulike oppgaver for satsingsområde i det komande året. Det blei lagt konkrete planar for m.a. produksjon og salg av dekorative plakatar, handlenett, fine bruksting laga av tre, aktivt bruk av media og opplegg for diverse arrangement i Arboretet for 2008.

Med eit så breidt kontaktnett som desse aktive vennane våre har, vil dette viktige arbeidet kunne generere mange positive element og aktivitetar til støtte for Rogaland Arboret. I tillegg blei det etablert ei dugnadsgruppe av interesserte som kunne tenkje seg å hjelpe oss med passende praktisk arbeid ute i felten. I samarbeid med denne gruppa har vi definert aktuelt arbeid ute, og dei kom raskt igang med rydding og hogst av bjørk ovanfor Fjellveien. I denne første fase av igangsettinga av det aktive vennearbeidet er det særleg 3 personar som har hatt ansvar for framdrift og gjennomføring av diverse sentrale oppgaver: Eli Margrete S. Stølsvik, Joyce Rasmussen og Knud Lunde.

Positiv omtale og dekning i media av dei ulike aktivitetane er rein bonus og flott gratisreklame for Arboretet. Dette viser ofte igjen ved ekstra godt besøk den næraste helga i etterkant av slike innslag.

FAGKONTAKT OG FORSKINGSSAMARBEID

Heile det 565 daa store området som Arboretet disponerar, leiger vi av **Statskog**. Statskog eig grunnen og den delen av skogen som blei planta før Arboretet blei etablert. I alle år har vi nytt godt av Statskog sin velvilje og gode evne til samarbeid. I spørsmål som gjeld våre behov for hogst av regulære skogsplantingar, har dei alltid teke omsyn til våre behov. I praksis betyr dette ofte at vi kjøper av Statskog det tømmeret som blir lagt ned i slike skogsfelt. Dette foreddar vi vidare og kan selje som ferdigved som skaffar oss tiltrengte inntekter.

Samarbeidet med **Stavanger botaniske hage** har vore til nytte på fleire område, med utveksling av informasjon om fagarbeid og driftsopplegg. Vi dreg stor nytte av den faglege kompetanse og mangesidige erfaring som vår vitenskapelege medarbeidar Finn Ervik er eksponent for. I det etablerte trekantsamarbeidet representerar han også ein link til forskingsmiljøet ved **Bioforsk Vest Særheim**.

Dårleg bærsetting i Rognefeltet, i tillegg til stort beitetrykk av vandrande trosteflokkar, gjorde sitt til at det ikkje blei hausta frø dette året. Det blei difor heller ikkje laga noko **frøliste**. Index Seminar, for 2007.

Arboretet har gjennom fleire år hatt ei stor fagleg støtte i arbeidet gjennom vår kontakt med direktør Per Harald Salvesen ved **Det norske arboret på Milde (ARBOHA)**. Med sin store arboretfaglege kapasitet og kunnskap er han ein ei god støtte og inspirator i dei mange utfordrande oppgåvene vi står ovafor angående plantefagleg fundert forskings- og utviklingsarbeid. Vi er glade for det han på denne måten tilfører institusjonen vår som medlem i Fagutvalget.

Rapport fra vitenskapelig medarbeider

Som foregående år var arbeidet med informasjonsopplegget i 2007 knyttet til hjemmeside og arboretguide. Den nye hjemmesiden for arboretet ble publisert i mars. Størsteparten av hjemmesiden har permanent karakter, men innholdet vil gradvis bli forbedret og bygd ut. Det er meningen at alle brukergrupper skal finne verdifullt stoff på hjemmesiden. En mindre del av hjemmesiden har nyhetskarakter. Dette gjelder først og fremst forsiden og aktivitetskalendren. Disse blir oppdatert løpende av driftsleder og vitenskapelig medarbeider. Arboretkart er tilpasset hjemmesiden og kan lastes ned som pdf-filer. Også årets frøkatalog (Index Seminar 2006) ble lagt ut på hjemmesiden der den er tilgjengelig for botaniske hager og arboreter for internasjonalt frøbytte. Manuskriptet til arboretguiden ble i desember levert til staben som skal drive prosessen vidare mot publisering i permisjonsperioden til vitenskapelig medarbeider. Vi har i 2007 arbeidet vidare med Iris databasen som arboretet deler med Stavanger botaniske hage. Det er innført nye plantenavn og ryddet opp i ukklarheter og feil i navnedataene (den tak-

sonomiske delen av databasen) som vi har overtatt fra Oslo botaniske hage og Stavanger botaniske hage. Det er innført andre nøkkeldata i basen som stedsangivelser (vi har delt arboretet inn i et antall hovedområder og underområder som er kodet og lagt inn i databasen). Vitenskapelig medarbeider har også veiledet daglig leder i bruk av databasen. Det er i sin tur startet med å legge inn litt aksjonsdata (informasjon om planter som er ”innrullert” og vokser i arboretet).

En søknad ble sendt til Genressursutvalget for skogtrær som bevilget 130 000 kr til Lindeprosjektet i 2007. Beløpet dekket årets utgifter på 129 000 kr. Det er et mål å etablere et forsøksfelt på Særheim og senere en ex situ samling av lind i arboretet bestående av planter på egen rot. I 2006 mislykkes vi med å få et tilstrekkelig stort materiale ved hjelp av stiklinger. I 2007 ble andre metoder forsøkt, og rundt 800 luftavleggere ble laget i løpet av våren, sommeren og starten av høsten. Høsting av materialet senere på høsten viste et skuffende lavt tilslag. Høstingen ble derfor avlyst slik at avleggerne skal få lengre tid til å utvikle røtter. I samarbeid med Genressursutvalget ble det besluttet å forsøke vevsformering som er en moderne metode for planteformering som utføres i laboratorium. Det ble tatt kontakt med Gartnerhallens eliteplantestasjon på Sauherad som skal utføre laboratoriearbeidet. For å unngå forsinkelse i Lindeprosjektet er det nødvendig at vevsformeringen kommer i gang allerede tidlig om våren 2008. Genressursutvalget besluttet å bevilge 50 000 kr til dette før den normale søknadsrunden til 2008.

UNDERVISING OG INFORMASJON

Arboretet har også dette året vore nytta til dagsekskursjonar for studentar ved Universitetet i Stavanger. Amanuensis ved UiS, Torgrim Breiehagen, har leia desse ekskursjonane for studentar (ca. 25) som tok kurset Biologi 1 (10 sp). Undervisinga er ein del av Naturfag 1 (30 sp) for 3/4-årskull studentar ved allmennlærerutdanninga ved UiS. På utferdene i mai blei området rundt Skittjørn nytta til å studera insekt i vatn, amfibier og flaggermus. Fuglekassane som vart hengde opp av Breiehagen i 2005 ved feltet for Norske treslag, blei også nytta til desse undervisningsformåla. Vidare har dei nytta seg av store delar av Arboretet for å læra seg å kjenna ulike fugleartar og øve seg i å bli kjende med låtane til fleire av artane. Med utspring i Kunnskapsløftet, leia Breiehagen også kurs for lærarar i Arboretet innan fagfeltet biologisk mangfald.

Bogafjell skole har gjort seg nytte av undervisingsutstyret også dette året. Mest aktuelt har vore praktisk undervising i samband med livsmiljøet i vatn.

Informasjonsprosjektet

Styret har initiert og lagt opp til eit 5-åreg program (2006 – 2010), der informasjonsarbeid og kunnskapsformidling skal vere satsingsområde. I eit slikt opplegg ligg det store utfordringar, og det vil vere eit betydeleg løft som vil kreve mykje av både tid og kostnader. Prosjektet blir finansiert ved bidrag frå 5 av våre støttespelarar. Sjå under ”Støtte til Arboretet”.

Ei stor del av tida til Finn Ervik sitt engasjement for Arboretet har vore knytta til utarbeiding av manus til **Arboretguiden**. Ein viktig del av dette arbeidet er tilpassing og oppdatering av det digitale **kartmaterialet**, til bruk på heimesida og ved opptrykk av nye kart. Prosjektmidla som er nemnt ovanfor, har praktisk talt dekkja alt det vesentlege av kostnadane knytta til dette arbeidet gjennom året. Finn Ervik er ansvarleg koordinator for dette prosjektarbeidet. Sjå elles under ”Fagkontakt og forskingssamarbeid”.

Vi har også sett oss som mål over tid å få på plass meir nøyaktige og eksakte koordinat for **plantelokalisering** i ein del av våre yngre og tettare plantefelt (vegetasjonskart). Trass i tidlegare problem med manglande mobildekning under slikt arbeid, satsar vi på å kome vidare med dette etterkvart. Dette viktige arbeidet har og ei adresse til komplettering av vitale fakta som er tenkt lagt inn i Irisdatabasen.

I starten av året blei det gjort ein del kompletterande arbeid på vår **nye nettside**, og i mars blei denne **publisert**. Utover året forsøkte vi å få på plass ein strategi for oppdatering av nettsida, med litt frisk informasjon om natur og planteliv saman med viktige hendingar og arrangement som går føre seg i Arboretet (aktivitetskalendar).

GENERELT PLANTEARBEID

Oppal og oppfølging av plantematerialet i ulike fasar og på ulike nivå krev også sin del av innsatsen.

Plantene i veksthuset skal ha tilsyn og stell, som såing, prikling, beskjæring, vatning, gjødsling og ompotting.

I plantingsarbeidet gjer vi oss for ein stor del nytte av gravemaskin til opparbeiding av passende plantehól. I Arboretet er jorda generelt både næringsfattig og sur, og det finst store mengder stein i grunnen. Under slike forhold er det avgjerande med tilgang til maskinell kapasitet i arbeidet med å grave ut røter, stein og grusmasse. Med omsyn til miljøet og andre tilpassingar vil det i somme felt og plantegrupper vere mest hensiktsmessig å gjere seg nytte av den gode gamle spada, spettet og trillebåra.

Vi gjødslar plantingane ein gong pr. år, og i 2007 blei det spreidd ut 1.500 kg av den beinmjølbaserte gjødseltypen Marihøne Pluss.

Prunusprosjektet (Prydkirsebærfeltet): I skråninga ovanfor Øvre Dam blei det opparbeida 80 m med flisstiar fordelt på 3 traséar. Nye bestillingar førde til at vi kunne supplere samlinga med 20 nye planter fordelt på 8 ulike slag japanske prydkirsebær.

Rogneprosjektet: Å skaffe seg nytt og spennande plantemateriale av rogn og asal er tidkrevjande arbeid. Det er ei stor utfordring å spore opp seriøse og kapable leverandørar av sjeldne plantemateriale i samband med slike spesialbestillingar. Å importere levande plantemateriale av rogn krev spesialdispensasjon og avtale om direkte innkvartering i karanteneveksthus for 2 vekstsesongar.

Utpå ettermiddagen fekk vi klarering til å innføre ei lita sending med podekvistar av sjeldne rognslag frå Göteborgs Botaniska Trädgård. Desse blei sendt direkte til karantenestasjonen på Bioforsk Kise og poda opp der. Hvis alt går greit, blir desse først utlevert i 2009.

Utpå sommaren fekk vi melding om at den forrige pulja på 5 nye kultivarar (sortar) av rogn var klarert for avhenting frå Bioforsk Kise på Hedmark.

Denne karantenestasjonen blei i løpet av året flytta til Stjørdal, nærare bestemt til Bioforsk Midt-Norge Kvithamar.

Heldigvis er det slik at ein stor del av artane innanfor rogneslekta (*Sorbus*) er frøekte, dvs. at dei kan formeirast ved frø utan risiko for innkryssing av andre artar. Ved kontakt med ulike botaniske institusjonar som har store samlingar av verifisert og veldokumentert plantemateriale, kan vi såleis skaffe oss nye artar til utprøving i vårt klima. Kontakten med Ness Botanic Gardens i Liverpool, ved Hugh McAllister (*Sorbus*-spesialist), resulterte i 19 frøporsjonar med nye og spennande artar av rogn dette året. Også denne delen av aktiviteten vår krev tid og målretta arbeid for å kunne utviklast vidare.

Magnoliaprojektet: Etter lang tid med fleire mislukka forsøk (leverandørsvikt), fekk vi omsider tak i ein del av det ettersøkte magnolia-materialet. Sjølv om dei fleste av plantene var i minste laget, kunne vi endeleg plante til ein god del av området i Magnoliahagen. Plantene er skjøre, og i dette plenområdet står dei utsett til for både to- og firbeinte.

Drift og utvikling av eit arboret, krev ei nitid og mangesida oppfølging. Kvar årstid set sine spesifikke krav til arbeidet og legg føringar i måten dei mange oppgåvene må løysast på. Etterkvart som samlinga blir meir omfattande, går ein stadig større del av tida vår med til reint vedlikehald.

Vi har måtta lære oss å leve med eit betydeleg etterslep av diverse urealiserte oppgåver. Det kan vere ei stor utfordring å finne balansepunktet for dei mange ulike oppgåvene som vi står overfor. Ein må stadig forsøke å finne fram til ein lagleg terskel og prioritering for dei ulike gjeremåla. På denne måten kan ein prøve å styre unna følelsen av å bli overmanna av alt som skulle vore gjort.

Når det gjeld **tiltak mot rådyrskade**, nyttar vi oss framleis av små hotellsåper innpakka i plast. Dette har vi praktisert systematisk kvart år sidan 1992. I Arboretet er det i hovudsak

bukkane si feiing på stammar og greiner som er problemet. Ettersom såpene virkar forstyrrende inn på duftsignala hjå bukkane, har vi jamnt over hatt tilfredsstillande effekt av desse. For at vi skal ha håp om å oppnå den same verknaden framover, er det avgjerande viktig at jaktrykket blir halde oppe i området rundt Arboretet. På den måten kan vi ha håp om at det vil kunne foregå ei kontinuerleg uttynning av godt tilvante bukkar. Heldigvis har vi lite problem med beiteskader, og i praksis viser det seg at såpene har dårleg effekt som vern mot svoltne rådyr.

Det er fast prosedyre at vi gjer oss bruk av granbar som dekkmateriale rundt dei mest utsette plantene gjennom vinteren.

Vi har ingen eksakte daglege klimaobservasjonar å vise til, men kan berre konstatere at effekten av skarp vårfrost gjorde seg sterkt gjeldande. I byrjinga av mai førte nattefrosten til at påfallande mange planteslag viste tydelege teikn på frostskaider. På mange av desse artane har vi ikkje sett slike skader tidlegare, så sjølve vérkonstellasjonen over ei tid må ha vore ganske spesiell. Observasjonane er ikkje systematiserte, men vi noterte minst 15 ulike planteslag som var tydeleg merka av frosten sine skarpe klør. Somme av desse blei alvorleg kvesta, men tok seg sidan opp att på forunderleg vis utover sesongen.

Uønska vegetasjon

Arbeidet med å opne opp i tettare trebestandar fører visse ulemper med seg. Hogst og rydding fører til større lystilgang på bakkenivå, noko som resulterer i konkurransevriding mellom bakkevegetasjonen. Under slike vilkår blir artane av bærlyng utkonkurrert av det dominerande og **brannfarlege graset blåtopp**. For å dempe litt på tempo og omfang i denne prosessen, prøver vi å leggje opp til ein meir bevisst suksessiv uttynning i dei ulike trebestandane. Likevel er dette ein del av naturen sin dynamikk og respons i takt med våre forsøk på å etablere relativt opne plantingar.

Dei planteslaga som vi definerar som uønska vegetasjon, kan vere så ”mangt”. Ein god del villartar vil også kunne bli omfatta av ugrasbegrepet. Vi merkar særleg behovet for ein auka innsats i bruk av ryddesag ettersom som bringebær-, bjørnebærkratt, geiterams og brannfarleg blåtoppgras breier seg som aldri før. Dette er vekstar med invasive eigenskaper og som vi i mange samanhenger vil definere som **villugras**.

Utover sommarsesongen må vi begrense og halde nede store areal med dominerande vegetasjon, særleg **høgvakse gras**. Den viktigaste reiskapen vi har i dette arbeidet er **ryddesaga**, og ofte har 2 slike køyrt i parallell drift.

Vi kjemper stadig mot spesielt **brysame kulturugras** rundt omkring i plantefelta. Dette gjeld særleg åkersnelle, skvallerkål, løvetann, strandvindell, stornesle, strandrøyv og tistelartar. Det er avgjerande viktig at slike ekspansive planteslag blir haldne under kontroll.

Størstedelen av arbeidet i sommarsesongen består i å forsøke å halde slik vegetasjon på eit nokonlunde akseptabelt nivå. Somme av artane er klart vanskelegare å handtere enn andre. Også her gjeld prinsippet om at **ulike artar krev ulike tiltak**. Det vil alltid vere avgjerande viktig å få kontroll over problemugras i tide, før desse når å spreia seg for mykje med renningar eller frø. Her vil tiltak gjort i rett tid kunne spare oss for mykje strev og frustrasjon seinare. I slike vedlikehaldsintensive periodar på året, då mange oppgaver skulle vore utført på same tid, merkar vi at det kan brenne litt under føtene. Nyare opparbeida plantefelt skal følgjast opp, saman med eldre plantingar, og i sum merkar vi godt at bemanninga skulle vore større.

Tilsyn og **vedlikehald av dammane** høyrer med til dei mange oppgåvene ute i felten. I september gjorde vi alvor av våre planar med å luke bort den tette vegetasjonen (vassgro) i Fiskedammen som var i ferd med å dekke til heile vassflata. Etterpå blei den vesle ”Fiskepytten”, som ligg tett opp til Solstien, reinska etter same lest. Men her måtte vi ha hjelp av gravemaskinen til å grave ut mykje grusmasse i tillegg.

Plenarbeid

Før vi går i gang med oppstart av **plenklyppinga**, blir alle plenflatene raka og reinska for småstein, kvistar og kongler. Denne sesongen hadde vi glede av å kunne ta i bruk den **nye Ventrac-plenklypparen** som var ei gave frå ein anonym støttespelar. Den nye maskinen er 4-hjulsdreven, midjestyrt, har kraftige mønster og er kjapp i vendingane. Grassvoren er meir utsett for slitasje ved bruk av denne, særleg under fuktige periodar. Forhåpentlegvis vil problemet bli mindre etterkvart som vi blir meir dus med denne type maskin.

Utpå ettersommaren sette vi i gang arbeidet med å grave opp og **fjerne ein god del overflatestein** frå plenane, på Stevneplassen og mest i Parken. Dette prepareringsarbeidet var viktig for at den nye plenklypparen skulle få eit jamnare og sikrare underlag for å minske slitasjen og påkjenningane.

Dei største steinane blei bora og kilte, men elles var dette arbeid som var best eigna for spade og spett. Plenflatene er areal som skaper kontrast og mangfald, og er viktige for totalopplevinga av arboretområdet. Vi har enno ein god del prepareringsarbeid å utføre på dette feltet, særleg i Parken-området.

Rydding og hogst

For å gje rom og plass for arboretplantingane er hogst, oppstamming, rydding av lauvkrott og annan høg vegetasjon sentrale oppgåver som stadig vil vere tilbakevendande. Slikt arbeid krev i sin tur oppfølging med å få dra fram alt av kvister og stammar til vidare behandling i flis-kuttar eller vedmaskin.

Dette viktige og vesentlege arbeidet er basisen for svært mykje av det andre utviklings- og kompletteringsarbeidet som blir utført gjennom andre delar av sesongen.

Det blei også dette året fjerna visne og daude planter av eldre årgang i Rhododendronaldalen. Etterkvart viser det godt igjen at det er fjerna eit antal større buskar på vestsida av dalen, som opne lommar i feltet. Lyngtege (rhododendrontege) er eit motstandsdyktig lite insekt og kan opptre i store mengder, og utgjer ei stor belastning for plantene.

Arbeid med **rydding av lauvkrott** har dette året gått føre seg i følgjande område: Ved Bøkefeltet, ved Granstien, ved Olav Moïs vei, ved Norske treslag, ved Svingen, ved Solstien, ved Uglestien, ved Lerkestien, i Urtidstrefeltet, ved Kanalstien, ved Myrstien, ved Rådyrmyra, ved David Vatnes vei, ved Myklabustveien, ved Rundgangen, ved Blåbærstien, i juletrefeltet mellom Rundgangen og Bergstien og juletrefeltet ovanfor Fjellveien.

Det er utført **større hogstarbeid** i områda ved Granstien, ved Utsikten, langs Eventyrveien, på Stangebyehaugen, ved Mårstien, ved Via Bella, ved Fossedammen, mellom Via Bella og Myklabustveien, på båe sider av Rundgangen, på nedsida av Tverrgangen og ved Blåbærstien.

All framdraing av småstokkar, greiner og kvist går føre seg manuelt. Dette er eit arbeid som krev mykje tid og innsats parallelt med all hogsten og ryddinga. Det er store volum av greiner som blir lagt klar for fliskutting i løpet av haust- og vintersesongen. Å utføre slikt arbeid over så lang tid krev at du er disiplinert, motivert og uthaldande. Dette er arbeid Endre har gjort med glans i løpet av alle dei åra han har arbeidd i Arboretet.

Ved bruk av vinsj og tømmervogn m.kran har **arbeidet med tømmer og vedstokkar** blitt langt meir rasjonelt og mindre belastande. Tømmervogna blir også aktivt nytta under sjølve vedproduksjonen, med betre effektivitet og mindre belastning som resultat. Etter ei uvanleg kald og blåsande vinterferieveke, låg det rotvelta fleire svære tre langs indre del av Sitkagranskogen. Arbeid med slikt vindfall kan vere både vanskeleg og farleg. Også i dette arbeidet viste tømmervogna seg å vere svært nyttig og effektiv. Med ei enkel tilpassing fungerte det også overraskande bra å bruke tømmervogna til opplissing og nedkøyring av 8-10 m høge juletre nede ved P-plassane.

Flis

Av alt dette blir det produsert mengder av flis, og dette hogstavfallet er ein **ressurs** som vi fører tilbake til naturmiljøet på ulike måtar. Kvalitetsflis utan for mykje innhald av blad og nåler, nyttar vi som topplag på **småstiane** rundt omkring. Til slikt eit bruk må det fornyast

jamnleg, gjerne 1 – 2 gonger i løpet av året. Flis som har blitt lagra ei tid, blir nytta ein del til **jorddekking** rundt plantene for å dempe oppslag av uønska vegetasjon. I samband med nyetablering av planter kan eit slikt dekke vere avgjerande for suksess ved at den er eit effektivt vern mot uttørking.

Brannfare

Vi ser det som svært viktig å stadig minna folk om den store **brannfaren** ved bruk av eld eller grilling utover våren. Åtvaringsplakatar er sett opp fordelt rundt om i heile Arboretet. Den **2,2 km lange vassleidninga** (kombinert brannsløkkings- og vatningsanlegg) må følgjast opp med klargjering om våren og tøming utpå hausten. Den årlege kontakten med både brannvesenet og Sivilforsvaret er veldig viktig for at dei skal vere best mogeleg oppdatert om forholda og gjere seg kjende med området og opplegget.

ANLEGG OG BYGNINGAR

Med økonomisk støtte og mykje god dugnadshjelp kunne vi denne våren realisere eit stort bordprosjekt. Så mange som **32 nye utebord** blei produsert og grundig overflatebehandla i tur og orden. I samband med dette prosjektet blei det opparbeida 11 nye bordplassar i øvre del av Arboretet, dvs. områda ovanfor Myklabustveien. I tillegg syntes det spennande å kunne etablere 2 unike bordplassar på toppen av Skogarberg. Med spesialtilpassing og enkelt gelender blei det her gjort litt ekstra for at besøkande retteleg skal få nyte ei storslagen utsikt. Dei resterande borda blei i hovudsak plasserte ut i nærområdet rundt Aktivitetshuset, der desse erstatta dei gamle og utrangerte lettboarda som har gjort god nytte for seg i mange år.

Like før jul stod alle **dei 8 lyssoklane** mellom Driftsavdelinga og Aktivitetshuset ferdig til bruk. Med sitt neddempa lys danna desse ei retteleg stemningsfull lysgate i desembermørket innover Grevlingveien.

Ein stor bygningsmasse fører naturlegvis med seg vedlikehald i varierende grad og omfang. I håp om å kunne unngå framtidig problem med taklekkasje i betonggarasjane, blei det bora opp dreneringshól rundt eit oppsamlingspunkt slik at vatnet lettare kan bli samla opp.

Tilpassingarbeidet av drivstofflageret heldt fram i 2007. Dette lageret blei i 2006 klargjort for innplassering av ny dieseltank. Planen var å montere på plass ein 3000 l tank i det største av romma i dette lageret. Vi hadde bestemt oss for å gjenbruke glassfibertanken som stod montert på den tidlegare vannvogna vår. I slutten av januar starta arbeidet med å grave opp den **gamle dieseltanken** som var plassert ute på grusplassen, ca 10 m rett ut for den nye garasjen. Denne hadde lege nedgravd i grusen her i over 20 år. Det viste seg at tilstanden på denne var overraskande bra, så det blei raskt avgjort at den beste løysninga var å satse på ei **renovering og gjenbruk** av ståltanken i denne hensikt. Utvendig blei tanken sandblesen og lakkert på ny. Arbeidet med innvendig reingjering av tanken og tilpassing av lageret med betongsaging og kjerneboring var ein rimeleg tøff jobb. Takka vere betydelege bidrag frå Stangebye over fleire omgangar kunne vi no endeleg **ta i bruk vårt drivstofflager**. Glassfibertanken som blei til overs, fekk vi seld til ein interessert kjøpar.

I januar blei det montert eit nytt og betre overvåkingskamera ute på P-plassen. Det som blei skifta ut, var enno i god nok stand til å gjere nytte for seg. Dette blei montert på Blokkhuset for å kunne registrere eventuell uønska aktivitet rundt dørene der. Lange kabelstrekk og ein del styr med trekking av kabel innimellom tak og vegger var arbeid som følgde med. Det viste seg at spenninga til desse kamera var for låg, så det måtte monterast ein ekstra transformator for å sikre ei tilfredsstillande drift.

Med den allsidige bruken som skjer i **Aktivitetshuset** melder det seg naturlegvis behov for ulike praktiske tilpassingar og utstyr. 24. januar fekk vi montert ei ny luft-til-luft **varmepumpe** i Aktivitetshuset. I samband med dette blei det aktuelt å utføre diverse tilpassingsarbeid både før og etter monteringa. M.a. blei det laga eit "spillbrett" som skal samle kondensvatn og sørge for ei grei konsentrert avrenning. Tidleg på året blei lagerrommet i kjellaren rydda og nye hyller sett inn. Rommet blei på denne måten langt betre utnytta, og kan i tillegg

nyttast som eit lite arbeidsrom i kortare periodar. I samband med installasjonen av mobilt breiband, var vi samde om nytteverdien i å få lagt inn både data- og telefonlinje også i dette rommet.

Pga. av lang ifyllingstid blei det eine toalettet inne i Huset sjekka, justert og reingjort inne i flottørkammeret. Å ha eigen brønn i tilknytning til kafeteriadrifta krev også sin del av innsats på vedlikehald og ettersyn. Uttapping, med reingjering og vasking av brønnen, inklusive jamnlege prøvetakingar, er viktige oppgåver i det å ha kontroll med trygg tilgang på reint vatn frå eige område. Å få analysert slike prøvetakingar kostar faktisk ein god del, totalt ca 6000 kr på årsbasis. Tidleg på året blei det montert på plass ei tett, sikker og låsbar aluminiumshette over brønnen som ekstra sikring mot forureining ovanfrå. På tampen av året blei det montert 2 nye nødutgangslampar i Aktivitetshuset.

Arbeidet med å leggje til rette for auka utleige av **Tømmerhytta** heldt fram i dette året. Det resulterte i at vi fekk produsert 5 spesialtilpassa bord slik at leigekapasiteten her er blitt dobla. Reservebeholdninga av jærstolane blei teken i bruk for å dekke inn den større bordplassen her. I samband med installasjonen av mobilt breiband var det heilt naturleg å leggje inn både telefon- og datalinje i Hytta. Tidleg på året, medan det enno var vinter, oppdaga vi at skiferhella på hyttepipa var knekt i to og måtte skiftast ut.

Kontor og administrasjon

Sjølv om det kan vere interessant med variasjon i arbeidet, fører dei mange uventa saker og ting som oppstår i kvardagen til at tidsplanar og arbeidsrutinar ofte blir forstyrra. Via telefon og e-post får vi i fanget mange spørsmål av ulik karakter som kan vere svært så utfordrande å finne svar på.

Erfaringsvis vil det alltid dukke opp mange saker og ting som vi ikkje kan førebu oss på eller sikre oss mot. Ein institusjon som Arboretet må nok berre avfinne seg med at dette er faktorar som fører til ei viss fragmentering av arbeidstida.

Under arbeidet med dei mange ulike planteslaga som kan vere aktuelle å dyrke i Arboretet, melder det seg ofte mange ulike spørsmålstillingar. Slike spørsmål kan vere alt frå kulturhistorie, dyrkingsråd, krav til veksestad, eigenskaper, utbreiing, artsmangfald og -karakterar m.m. Å ha tilgang på oppdatert faglitteratur av høg standard er vesentleg i det å kunne arbeide seriøst med å utvikle Arboretet til å bli ei veldokumentert og variert plantesamling til bruk i forskning, formidling og undervisning. Nær tilgang til solid litteratur er også avgjerande viktig under arbeid med planlegging og utvikling av felt for nye plantegrupper.

Vi arbeidar kontinuerleg med å utvide vårt **fagbibliotek** ved å skaffe oss relevante titlar som diverse anerkjende botaniske leksika, oppslagsverk, floraer, omtalte plantegrupper, monografier m.fl. For å kunne gjere oss best nytte av litteraturen, må denne registrerast og systematiserast etterkvart som nye titlar kjem inn. I løpet av dette året har biblioteket auka samlinga til 968 titlar. Bøkene er katalogiserte og dermed søkbare på både forfattar, tittel og emne. For å halde oss oppdaterte, abonnerar vi på relevante **tidsskrift** som held ein høg fagleg standard, men som også tenar som inspirasjons- og idékjelder i arbeidet vårt.

Golvarealet på **kontoret** i Aktivitetshuset har ikkje blitt større i løpet av året. Likevel har vi klart å **auke utnytingsgraden** for bokhyllene **til det maksimale** ved å tilpasse den øverste hylla klar for bruk. På den aktuelle ytterveggen har hylleplassen også blitt auka maksimalt med ei tilpassing av nokre nye småhyller. Dette vesle rommet skal tidvis huse både 3 og 4 personar, saman med det faste inventaret på 2 - 3 PC-ar, sentralbord, arkivskap, skannar, faks, kopimaskin og hovuddelen av biblioteket vårt!

Til arkivering av tidsskrifta må vi finne andre passande stader. Den noverande ordninga med å oppbevare desse på opphaldsrommet i Driftsavdelinga er ingen ideell og varig løysning.

For å kunne handtere den stadig aukande datamengda som vi rår over, krevst det ei jamnleg oppdatering / oppgradering av det digitale verktøyet vårt. Den eine PC-skjermen svikta og blei skifta ut med ein mindre plasskrevjande flatskjerm. Dette året har vi fått røynt oss ein god del på kva det vil seie å vere plassert i ei "digital bakevje". Med kun ei ISDN-linje stoppar sendingane opp straks vedlegga er i biletformat. Etter ein del sondering og arbeid med tilpassing,

fekk vi installert eit s.k. mobilt breiband. Sjølv om forholda blei betre etter dette, er dei langt frå gode nok. Vi håper sterkt på ei snarleg løysing av dette problemet!

Vi har hatt stor praktisk nytte av **skannaren** som blei kjøpt inn tidleg på året.

Til supplerande plantemerking blei det kjøpt inn ein ny liten mobil Brother **etikettmaskin** for produksjon av laminerte småetikettar av god kvalitet.

Eit **viktig innarbeid** er oppfølginga i samband med utleige og koordinering av vask og reinhald. Kjøkkenutstyr og servise krev jamnleg ettersyn for å sikre ein god standard for leigetakarane. At dei som leiger hjå oss har ei god oppleving av opphaldet her, får vi stadfesta på alle dei gode tilbakemeldingane vi får. Det er oppmuntrande og inspirerar til å halde fram i det same positive sporet.

Dei ”usynlege” daglege rutineoppgåvene er ikkje minst viktige, og er ofte basisen for at resten av drifta skal kunne fungere. Administrasjon, koordinering og tilrettelegging på ulike nivå er viktige element i den store samanheng. **Kontoroppgåvene** har etter kvart blitt mange og kan tidvis variere mykje frå den eine dagen til den andre. Evna til omstilling og tilpassing blir sett på prøve når dagsplanar og opplegg må vika for andre ting som plutsleg dukkar opp.

Fortløpande **administrativt arbeid** omfattar m.a. forslag til budsjettoppsett og økonomisk oppfølging, arbeid med årsmelding, kopiering og utsending av denne. Andre oppgåver er fakturering, kontering, førebuing og utsending av styresaker inkl. oppfølging av aktuelle saker, diverse planarbeid, korrespondanse og arkivering. Oppdatering av diverse lister inkl. Arboretvennane høyrer også til dei faste kontoroppgåvene

Arbeid av meir plantefagleg karakter kan vere oppgåver som løpande kontakt med vår vitenskaplege medarbeidar og andre fagkontaktar i ulike samanhenger. I samband med spesifikke planteprosjekt hender det at vi rådfører oss med respektive spesialistar.

Planleggings- og søknadsarbeid angående ulike planteprosjekt er også **plantefaglege oppgåver** som må gå sin gang og krev sin plass av tid og ressursar i systemet.

Registreringsarbeid i felten med innlagring av slike data, komplettering av plantekart, utplantingslister, koordinatarbeid, planteplanar og etikettlister høyrer alle med under denne kategori av oppgåver.

Til hjelp i avklaring på gode norske namn på plantene, starta vi arbeidet å skaffe oss oversikt over dei ulike plantenamna som er publisert i dei viktigaste oppslagsverka innan faget her til lands. På ei slik Excel-basert liste har vi stor nytte av å føre opp både danske og svenske namn som referanse. Tidleg på året blei det utført kompletterande arbeid knytta til publiseringa av ny heimeside, med etterfølgjande oppdatering seinare.

Maskinar og utstyr

Traktorar, maskinar, verktoy og mykje utstyr elles krev sin del av ettersyn, vedlikehald og reparasjonar. Alder og slitasje vil ubønhøyrleg melde seg. Under oppdrag og arbeid skjer det ikkje sjeldan at ting og tang må ligge på vent for seinare reparasjon.

Det å ha tilsette som kan utføre **akutte reparasjonar** og finne **praktiske løysningar** betyr mykje for den daglege drifta. Å kunne utføre diverse **tre- og mekanisk arbeid** med eige kompetent mannskap gjev oss ein bra gevinst når ting ofte må tilpassast spesifikke behov på plassen. Den store skilnaden kan ofte vere gjort berre med enkle sveisereparasjonar. Idéen med ein påmontert festekrok bakpå traktorloddet har gjort at tømmervogna kan stå forankra utan å vere så avhengig av ein traktor tett ved. Denne fleksibiliteten er viktig, ikkje minst når vi er fleire personar som har behov for å nytte traktorane samstundes.

I løpet av dette året blei det utført diverse reparasjonarbeid og **vedlikehald** på traktorane. På New Holland-traktoren blei det eine stigetrinnet reparert og setefjóra skifta ut.

Ved behov for større service og reparasjonar leverar vi desse inn til utvalde verkstader. Både bilen og dei 2 traktorane New Holland og MF 362 blei levert inn til service og kontroll. Bilen fekk ny startmotor, glødepluggar, fjører og støtdemparar. Sistnemnde traktor hadde litt problem med gearkassa og radiatoren måtte skiftast ut.

Kubota-traktoren fekk akutt startproblem, men blei reparert ved å skifte ut den brotne

leidninga som gjekk til dieselpumpa. Både på denne og MF 362 hadde vi problem med lekkasje i bakdekka, som blei levert inn for reparasjon.

Dumparhengaren måtte få ein enkel sveisereparasjon ved ”skoen” for å fungere tilfredsstillande. Dumparen, tømmervogna og vedmaskinen blei elles smurde opp på vanleg måte. Etter ombygginga av fliskuttaren i 2006 har denne fungert veldig bra og skulle vere klar for nye år i vår teneste.

Tidleg på året blei det utført ein nærare sjekk på gravemaskinen. Maskinen hadde startproblem, og trass i nytt batteri og nysjekka startmotor hadde vi store problem med å få gang på den. Årsaka til problemet blei etter ei tid oppdaga og utbetra. Utpå sesongen fekk maskinen problem med sletne belter, og vi valde å skifte over til gummidekk. Vi utførte sjølv den aktuelle servicen på maskinen denne sesongen. Transporttralla til maskinen måtte forsterkast med sveising etter slitasje av lengre tids bruk.

På den eine ryddesaga var vinkeldrevet defekt. Dette blei reparert og saga skulle vere klar for neste ryddeseson. Det blei kjøpt inn ei ny sirkelsag, i tillegg til diverse småverktøy, smøremiddel, boltar, skruer og liknande.

FORSKJELLIG

Arboretområdet blir nytta av **ulike foreningar og lag** til diverse arrangement:

Ein av dei faste aktivitetane er rullestølløpet ”Full Rulle”, arrangert i regi av **Lions Club**. Dette opplegget blei gjennomført for 17. år på rad, og blei også dette året eit vellukka arrangement. Den lokale musikargruppa ”Visegaukene” sørga for at mange fekk ei fin oppleving den første søndagen i mai. I juni, i samband med ”Musikkens Dag”, er det også blitt tradisjon at **Skeiene Janitsjar** gleder mange med si framføring ein times tid midt på dagen nær Kafeteriaen.

19. august arrangerte **Rogaland Fuchsi**lag si årlege utstilling nede ved Stevneplassen. Dette er aktivitetar som for mange krydrar opplevelsane ved eit besøk i Arboretet.

Nyttevekstforeninga **Jærsoppen** har basen for sine mange ulike aktivitetar knytta til Arboretet og nyttar våre lokale til sine møter, foredrag og kurs.

I løpet av 6 søndagar, i perioden 2. september til 7. oktober, tilbød dei alle besøkande gratis soppkontroll i Tømmerhytta.

”**Arborettrimmen**” er også eit fast innslag utpå hausten. Annankvar laurdag i perioden 13. oktober til 24. november (4 dagar) arrangerte **Sandnes Idrettslag** eit opplegg som passa både for små og store. Denne aktiviteten har vore eit fast innslag i mange år, og har jamnt over ei god deltaking.

Ein novemberkveld blei parkeringsanlegget brukt til refleksdemonstrasjon for 1. og 2. klassingar frå Figgjo og Ålgård.

Vi har heilt sidan 1993 hatt stor nytte og glede av samarbeidet med vår nabo Oddvar Sveta. 2 – 3 gonger i året får vi levert fleire store tilhengarlass med tørr og fin separert grisehevd. Dette substratet nyttar vi både til toppdressing rundt utvalde tre og til blanding i ein del av plantejorda. Arboretet leiger eit mindre areal til jorddeponi, i det gamle sandtaket på Bråstein, etter avtale med vår nabo Ole Topnes.

Natt til 1. april blei P-automaten forsøkt brekt opp. Skaden var heldigvis ikkje større enn at dette kunne la seg reparere nokolunde greit. Men det hjelpte lite på den tapte ”dagsomsetninga” denne søndagen. 15. april fann vi den inste parkeringskassen (ved Solstien) brutalt herja med. Både regnhetta og låskassen var øydelagde. Utbyttet denne gongen må også ha vore ganske så magerte. Sjølv om uvedkommande ikkje får med seg kontantar, er alt skadeverket som oppstår ei stor belastning for oss. Det kan bety dagar med kostbart og krevjande reparasjonsarbeid. Vi får bekrefte at gode tømmerutinar minskar tapsrisikoen til eit minimum.

For å kunne oppretthalde ein sikker og kontinuerleg drift, krev P-automaten vedlikehald og eit jamnleg ettersyn.

STØTTE TIL ARBORETET

Vi vil takke alle våre bidragsytarar for store og små gáver!

YIT Building Systems AS, Block Berge Bygg AS, Betong AS, T. Stangeland Maskin A/S og Kruse Smith Entreprenør AS har i samarbeid gått inn med støtte til Arboretet med til-saman 125.000 kr árleg til vårt informasjonsprosjekt. Det er underteikna ein avtale som gjeld for 5 ár, t.o.m. 2010.

Velde har levert oss gratis betydelege mengder av steinstøv og veggrus.

Shell støtta oss ved å dekke kostnadane med kjøp og installasjon av dieselpumpe til driv-stofflageret.

Norsk Naturgjødsel as gav oss 3000 kg "Marilhøne Pluss" naturgjødsel.

Bjørn A. Stangebye støtta oss ved å dekke kostnadane med renovering av vår gamle diesel-tank slik at denne kunne innstallerast i vårt nye drivstofflager. I tillegg har han árleg bidrege med større beløp til fondet.

Osmund Nygaard Hove har i tillegg til dugnadshjelp vore ei god støtte for oss med arbeidet han har utført med tilpassinga av både rekneskapsoppsettet og likviditetsbudsjettet til års-meldinga.

Audun Skartveit støtta oss med å finansiere kjøp og installasjon av ei varmpumpe av god kvalitet til Aktivitetshuset / Kafeteriaen.

Olga Marie Bryne har bidrege raust ved å tilby oss gratis 32 stk edelgraner som juletre.

